



ALEKSANDER GJØVÅG STOKKE  
MJELDAVEGEN 39  
5286 HAUS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1971 - 23/15882

Saksbehandlar:  
Øystein Njåstad  
oystein.njastad@osteroy.kommune.no

Dato:  
03.07.2023

## Varsel om nattarbeid i Mjelddalen

Ifm. prosjektet med å føra vatn og avlaup oppover Mjelddalen og fram til det nye industriområdet på Espevoll, så er det er kortare parti i Mjelddalen der røyra skal liggje midt i vegen, slik at den må stengast ifm. arbeida. Dette gjeld det smale partiet av vegen, like nedanfor ungdomsshuset, der husnummer 138 til 155 ligg tett på vegen (sjå utklipp på neste side der røytrase er skissert inn, samt utklipp frå arbeidsteikning).

Ettersom dette er ein fylkesveg har kommunen søkt Vestland fylkeskommune om å få leggja leidningane her, og om å stengja vegen i periodar for å få utført arbeida. Dette har vi fått godkjent, men vi får kun lov til å stengja vegen i lange nok tidsbolkar på nattestid, frå ca. kl. 23:00 til 06:00.


Dette gjer at vi no har planlagt nattskift, 4 dagar for veka, i 3-4 veker frå måndag kveld 28. august 2023. Det vert då arbeid natt til tysdag, onsdag, torsdag og fredag.

Arbeida som vil pågå er graving av grøft, røyrlegging, tilbakefylling mm. Det er også risiko for at det kan bli pigging, boring og sprenging av fjell i grøfta. Sistnemnde vedr. fjell skal vi kartleggje nærmare, og seinast innan utgongen av veke 32, slik at det kan planleggjast aktuelle netter med denne typen aktivitet.


Dei bebruarane som kjem nærast inn på arbeida vil sannsynlegvis få såpass mykje støyplagar at dei vil få problem med å sove om natta (i utgangspunktet håpar vi dette vil gjelde dei som bur mellom nr. 138 og 155). Dei kan anten undersøkje mogelegheita for overnatting hjå vener eller familie, dersom ein ynskjer det, eller at kommunen ordnar alternativ overnattingsstad.

Kommunen inviterer til informasjonsmøte vedr. arbeida i Mjelddalen Ungdomshus onsdag 16. august 2023, kl. 16:00.

Underteikna er i permisjon frå 7. august fram til 11. september, slik at dersom de har ytterlegare spørsmål eller avklaringar etter informasjon de har fått i informasjonsmøte, så kan de henvende dykk til byggeleiar Frank Tollefsen, tlf. 915 65 652.



Utklipp 1; utsnitt med husnummer og skisse av ledningstrase. Den raude streken indikerer området der det skal arbeidast på natt.



Utklipp 2; utklipp frå arbeidsteikning på aktuell stad.

Med helsing

Øystein Njåstad  
Prosjektkoordinator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.